

HOG Energi  
Strandgaten 6,  
5013 BERGEN

Dato: 28.05.2015  
Vår ref.: 2014/12933-7  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Fylkesbudsjettet for 2015; - Tildeling av kr 750 000 i næringsretta partnerskapsmidlar for 2015

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 8,18 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2015) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2015 (PS 27/2015). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 35 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2015. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at HOG Energi skal få kr 850 000 pr år for perioden 2015 til 2017 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Av dette går kr 100 000 til å dekke fylkeskommunen sin medlemskontingent i HOG Energi. Dette beløpet er allereie utbetalt. Resten av beløpet, kr 750 000, er partnerskapsmidlar. Vi viser også til inngått avtale om partnerskap for denne perioden.

Vi har med dette gleda av å melde at vi no utbetaler **kr 750 000** til dykkar bankkonto 3624 33 17724 som næringsretta partnerskapsmidlar for 2015. Midlane skal nyttast i tråd med gjeldande partnerskapsavtale og føringar og vilkår i dette tildelingsbrevet.

I sin vurdering av partnerskapsmidlar til dykk peikte fylkesrådmannen på at energisektoren er den viktigaste sektoren i fylket og at HOG Energi arbeider tett opp mot dei definerte innsatsområda i HNH: Fylkeskommunen er også opptatt av å få ned talet på utviklingsaktørar i regionen. Det blir difor sett på som positivt at HOG Energi har sett i gang ein prosess for å utforme ein framtidig strategi inkludert relasjonar til andre utviklingsaktørar i regionen. Fylkeskommunen vil difor forlenge partnerskapsavtalen med HOG Energi for ein tre års periode slik at HOG Energi kan forsette arbeidet og samstundes finne sin framtidige plass.

I samband med at fylkestinget handsama ei eiga sak om Business Region Bergen 10.12.2014 bad de fylkesrådmannen ta initiativ overfor BRB med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen. Dette vil fylkeskommunen følgje opp i 2015 og de vil bli kontakta av BRB og/eller fylkeskommunen om dette.

*I HNH 2015 har fylkeskommunen definert to særskilte innsatsområde innafor energisektoren:*

- *Auka fokus på miljøvennlege og energieffektive løysingar mellom anna ved bruk av miljøteknologiordningane til IN og Transnova.*

- *Arbeid for auka konkurransekraft i leverandørindustrien, særleg knytt til gjennomføring av større feltutbyggingar og –opprustingar.*

Vi vil be HOG Energi om å ha eit særskilt fokus på desse innsatsområda i 2015.

Rapportering for 2015 skal skje i tråd med partnerskapsavtalen. Partnerskapsmidlar for 2016 vil ikkje bli utbetalt før årsrapportering for 2015 er godkjent.

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Arthur K. Arnesen, telefon 970 93 086, e-post [arthur.kristian.arnesen@hfk.no](mailto:arthur.kristian.arnesen@hfk.no)

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2015.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringsjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

